



Middagen vart naturleg nok servert ute på Dønhaug ikveld - av Elin Enes.

Festivalen vert i stadig større grad eit heilårleg arrangement og denne helgen gjentek dei kreative festival-tilskiparane Combo, som hadde debut i fjor. Det er ein spennande kombinasjon av mat, musikk og mosjon og rundt rekna 20 er med. Denne vårlege opptakt samlar folk frå mange kantar - til dømes Kvinnherad, Trondheim, Stavanger og Sauda. Dønhaug er sjølvstgt basen

Idag laurdag har to grupper innteke Nåso - nærare bestemt var det 15 som var på ein fantastisk topptur til Geitedalstind med Kvinnherad Fjellsportgruppe og 5 som var på kosetur til Låganåso.

Det var meir enn nok snø og fantastiske tilhøve, opplyste deltakarane då dei koste seg med middagen ute på Dønhaug i kveld. Også den varein del av 'pakka'. Elins Matgleder serverte - og på menyen stod oksegyrte medan fredagskvelden frista med tapas.

Arrangementet starta allereie då i kjedlaren med føredrag ved Åshild Baldersheim om ein tur over Grønland.

Seinare i kveld vert det quiz og konsert på låven ved det framgangsrike Bergensbandet Hvitmalt Gjerde og søndagens program er ein sikkert krevjande topptur til Omnatind som ligg bak Melderskin. Alt ialt er det ei mangfaldig 'pakke' som sikkert kan utviklast mykje meir både gjennom produktutvikling og marknadsføring.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen